



Jan Ole Seim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4312 - 14/18129

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

14.08.2014

Vedkomande søknad om dispensasjon for oppføring av nytt våningshus på gbnr 170/4 Vatne

Administrasjonen syner til Dykkar søknad om dispensasjon for oppføring av nytt våningshus på tomta.

Saksutgreiing:

Kommunen mottok den 14.10.2013 søknad om oppføring av nytt våningshus knytt til gården. Denne vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune den 20.11.2013.

Kommunen mottok den 13.12.2013 uttale i frå Hordaland Fylkeskommune der de rår i frå å gje løyve til bygging av planlagte tilkomstveg med parkeringsplass, med begrunnelse at denne ligg i nærleiken av automatisk freda kulturminne.

Vurdering:

Administrasjonen kan ikkje sjå at De har søkt om ny plassering av tilkomstveg, og legg difor til grunn at De framleis ynskjer tilkomstveg og parkering som syna på innsendte situasjonskart av dato 14.10.2013.

Kommunen skal etter Plan- og bygningslova § 19-2 ta hensyn til statlege og regionale mynde si uttale, og bør ikkje dispensere i frå planer, lovens bestemmelser om planer og liknande, når regional mynde rår frå dette.

Det vert også syna til Plan- og bygningslova § 27-4 som sier at bebyggelse skal vere sikra lovlig atkomst til veg. For at kommunen skal kunne sakshandsame søknad om dispensasjon må vegtilkomst vere avklart.

Administrasjonen vil difor oppmode Dykk om å gå i dialog med Hordaland fylkeskommune for å finne ei mogeleg løysing på tilkomstveg og parkering, jf. Fylkeskommunens uttale datert 10.12.2013.

Administrasjonen ber om at De sender situasjonskart som syner eventuell ny tilkomstveg og parkeringsløysing til kommunen. Dersom De ynskjer å opprettholde plassering av tilkomstveg og parkeringsareal, som syna på innsendte situasjonskart datert 14.10.2013 ber vi også om tilbakemelding på dette.

Frist for ettersending av overnemnde dokumenter vert satt til 1.10.2014

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fråsegn automatisk freda kulturminne - Søknad om etablering av våningshus og veg med parkeringsplass -
gbnr 1704 Vatne (L)(13159)
Opplysningar i saka - gbnr 1704 Vatne - våningshus (L)(6825) (L)(33657)1704

Kopi til:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN

Mottakarar:
Jan Ole Seim